

ID 374.25
AMH/thm

Ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn i Sunnhordland

INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET
Fredag 6. juni kl. 09.30, Bekkjarvik Gjestgiveri, Austevoll

Tidsplan:

Kl. 08.30	Ferja frå Sandvikvåg til Husavik
Kl. 09.30	Velkommen v/ Bente Kari Sletten Taranger, ordførar Austevoll kommune
Kl. 09.35	Orientering Halstensen Bekkjarvik v/ Christian Halstensen, dagleg leiar
Kl. 10.00	Orientering Sunnhordland Fontenehus v/ Martha Nogva, etableringsansvarleg
Kl. 10.20	Orientering NAV v/ Håvard Lægreid, leiar NAV region Sunnhordland
Kl. 10.40	Pause
Kl. 10.50	Orientering frå kommunedirektørutvalet v/ Kjetil Aga Gjøsæter
Kl. 11.30	Lunsj
Kl. 12.00	Sakshandsaming
Kl. 15.00	Møteslutt. Ferja til Sandvikvåg kl.15:20

Sakliste:

Sak 53/25	Godkjenning av sakslista
Sak 54/25	Høyring: Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033
Sak 55/25	Høyring: Endring i budsjett- og regnskapsforskriften og i selvkostforskriften (avskrivningstider, kalkylerente og framføringsperiode)
Sak 56/25	Tiltakspotten: Kr. 196 375,- til Visit Sunnhordland sin søknad «Regenerativt reiseliv Sunnhordland 2025»
Sak 57/25	Mandat ved bruk av Tiltakspotten
Sak 58/25	Drøftingssak: RTP
Sak 59/25	Skriv og meldingar a) Revidert møteplan 2025
Sak 60/25	Ymse

Sunnhordland, 23. mai 2025

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. juni kl. 09.30

Bekkjarvik Gjestgiveri, Austevoll

Sak 54/25

AMH/thm

Høyring: Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033

Det er to dokument som er på høyring:

- Planprogram for oppdatering av vassforvaltningsplanen for Vestland 2028-2033
- Hovudutfordringar i Vestland vassregion

Frist for innspel til dokumenta er 30. juni 2025. Innspelet skal sendast på e-post til post@vlfk.no, merka "innspel vassforvaltningsplan 2028-2033" i tittelfeltet. Det er lagt opp til vedtak av planprogrammet og hovudutfordringar i Vestland vassregion hausten 2025.

Framlegg til vedtak:

Vestland sin gjeldande vassforvaltningsplan skal oppdaterast for planperioden 2028-2033, kor forslag til planprogram og hovudutfordringane for vassmiljøet i Vestland no er på høyring. Formålet til vassforvaltningsplanen er å sikre ei heilskapleg og samordna forvaltning av vassmiljøet, der alle sektorstyresmakter (statlege, regionale og kommunale) bidreg for å oppnå målet om god miljøtilstand i alt vatn.

Sunnhordlandsrådet som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, har fylgjande innspel til vassforvaltningsplanen:

- Sunnhordland er nøgd med korleis vassområdeutvala er organisert i dag. Me opplever at deltaking både politisk og administrativt sikrar kunnskapsveksling som styrkar administrativ og politisk forankring for fagområdet i kommunen/kommunane.
- Sunnhordland er positive til å slå saman Sunnhordland vassområde med Hardangerfjord vassområde. Me trur at eit vassområde for same fjordsystem kan bidra til ein meir heilskapleg forvaltning av Hardangerfjorden.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. juni kl. 09.30

Bekkjarvik Gjestgiveri, Austevoll

Sak 55/25

AMH/thm

Høyring: Endring i budsjett- og rekneskapsforskrifta og i sjølvkostforskrifta (avskrivningstider, kalkylerente og framføringsperiode)

Kommunal- og distriktsdepartementet foreslår å endre dei maksimale avskrivningstidene for leidningsnett og enkelte typar bygg (budsjett- og rekneskapsforskrifta). Departementet foreslår også å endre kalkylerenta for berekning av sama sjølvkost, mens framføringsperioden for over- og underskot i sjølvkostrekneskapet heldes uendra (sjølvkostforskrifta).

Høyringsfrist er 3. september, og skal sendast inn via regjeringa sin høyringsportal. Neste møte i Sunnhordlandsrådet er 19. september, så denne høyringa må sakshandsamast i møte den 6. juni eller i etterkant pr. e-post.

Framlegg til vedtak:

Blir ettersendt pr. e-post.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. juni kl. 09.30

Bekkjarvik Gjestgiveri, Austevoll

Sak 56/25

AMH/thm

Tiltakspotten: Kr. 196 375,- til Visit Shld. sin søknad «Regenerativt reiseliv Sunnhordland 2025»

Visit Sunnhordland, eigd av Region Sunnhordland IKS, har søkt prosjektmidler frå støtteordninga *Berekraftig verdiskaping 2025* i Vestland fylkeskommune. Det er søkt om 567 375 kroner, men for å oppnå fullfinansiering manglar prosjektet kr. 196 375,- Difor blir det no søkt om tilskot frå tiltakspotten.

Prosjektet tek utgangspunkt i at Sunnhordland nyleg er remerka som *Berekraftig reisemål*, og skal løfte reiselivet vidare gjennom utvikling av opplevingar som gjev noko tilbake til natur, lokalsamfunn og kultur. Dette skjer gjennom kompetanseheving, pilotutvikling, testing og felles marknadsføring, i tett samarbeid med medlemsbedrifter og andre partnerar i regionen.

Målgruppa er først og fremst reiselivsbedrifter og frivilligheita i Sunnhordland, men også lokalbefolkninga skal involverast for å sikre forankring og langsiktig nytte. Prosjektet er i tråd med både nasjonale og regionale strategiar for grøn omstilling og heilårsturisme.

Prosjektet startar opp i august 2025 og går over til desember 2026. Det er forankra i Visit Sunnhordland si destinasjonsleiing og har med partnerar som Geopark Sunnhordland, Bekkjarvik Gjestgiveri og Åkrafjorden Oppleving.

Total kostnadsramme er på kr. 1 134 750,- Finansieringsplanen inkluderer eigeninnsats, eigne midlar og støtte frå fylkeskommunen. For å sikre gjennomføring vert det med dette søkt om kr. 196 375,- frå tiltakspotten.

Prosjektet vil bidra til auka kompetanse, utvikling av konkrete pilotprodukt, sterkare marknadsposisjon og betre lokal involvering – og vil kunne gi varige effektar for reiselivet i Sunnhordland.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar at inntil kr. 196 375,- frå tiltakspotten kan nyttast til prosjektet «Regenerativt reiseliv Sunnhordland 2025»

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. juni kl. 09.30

Bekkjarvik Gjestgiveri, Austevoll

Sak 57/25

AMH/thm

Mandat ved bruk av Tiltakspotten

Den 27. november 2014 vedtok regionrådet at administrasjonen kunne nytte inntil kr. 25.000,- årleg av tiltakspotten til administrative formål ref. vedtak Sak 53/14: «Administrasjonen får fullmakt til å disponera kr. 25 000 ,- frå tiltakspotten årleg til å dekkja kostnader som kjem ekstra i høve til aktivitetar knytt til gåver og representasjon mm.»

Den 25. mai 2018 vedtok regionrådet at administrasjonen kunne ved hastesaker knytt til prosjekt nytta godkjenning pr. e-post ref. vedtak Sak 20/18: «Administrasjonen kan i hastesaker nytta delar av tiltakspotten etter godkjenning på e-post av Samarbeidsrådet»

Etter at det tidlegare selskapet Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS blei delt opp i selskapa Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR, er det no behov for å gå opp kven som har mandat til kva. Arbeidsutvalet føreslår at sakshandsaming av Tiltakspotten skal ligge under Region Sunnhordland IKS frametter, då all prosjektutvikling ligg under det selskapet. Det vil og være hensiktsmessig at dagleg leiar saman med styreleiar har fullmakt til å nytte tiltakspotten inntil eit visst beløp, utan at representantskapet treng å sakshandsame det. Representantskapet møtast berre to gonger pr. år, og kan dermed bli eit hinder for prosjektutvikling.

Framlegg til vedtak:

1. Godkjenning av bruk av Tiltakspotten skal frå og med 7. juni 2025 handsamast av Region Sunnhordland IKS sitt representantsakp.
2. Dagleg leiar i Region Sunnhordland IKS har saman med styreleiar mandat til godkjenne bruk av Tiltakspotten på inntil kr. 100.000,-. Alt over kr. 100.000,- skal sakshandsamast og godkjennast av representantskapet.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. juni kl. 09.30

Bekkjarvik Gjestgiveri, Austevoll

Sak 58/25

AMH/thm

Drøftingssak: RTP

Arbeidsutvalet foreslår ei drøftingssak på Regional Transportplan. Innleiing ved Sigbjørn Framnes. Han vil blant anna fokusera på korleis Sunnhordlandsrådet kan jobbe strategisk med RTP frametter, for å få gjennomslag for regionen sine saker.

Det er flott om kvar kommunane førebur kort kva saker er viktig for den enkelte, samt tankar rundt den strategiske prosessen for gjennomslag.

Vedlagt finn de saksutgreiinga for RTP.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. juni kl. 09.30

Bekkjarvik Gjestgiveri, Austevoll

Sak 59/25

AMH/thm

Skriv og meldingar

a) Revidert møteplan 2025

Sunnhordlandsrådet har vedtatt å gjennomføre eit åreleg møte i 2025 saman med Hauglandsrådet. Det var opphåveleg planlagt to, men tida strakk ikkje til dette året.

Revidert møteplan ser slik ut:

MØTEPLAN 2025

Møter	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sept	Ok	Nov	Des
Nyttårsmøte Vlfk	10										
Møte med Hordalandsbenken + departementa	14-15										
Arbeidsutvalsmøte	31*		21*		15*		22*		3*	21*	
Sunnhordlandsrådet		14		4		6		19	17		5
Regionalt formannskapsmøte			14								
Felles AU med Haugalandrådet											
Felles rådsmøte med Haugalandrådet								19			
Felles AU med Hardangerrådet			21*								
Felles rådsmøte med Hardangerrådet				4							
Studietur											
Arendalsuka							11-14				
Staten møter kommunane										tbn	
KS Vestland			tbn							tbn	
Møte med regionråda i Vestland fylke (rådsleiar og dagleg leiar)	9										

Stad for møta i Sunnhordlandsrådet:

14. februar: Tysnes

4. april: Kvinnherad

6. juni: Austevoll

19. september: Karmøy

17. oktober: Stord

4-5. desember: Sveio

*Teamsmøte